



Kvam Venstre

Program for Kvam Venstre for heradsstyreperioden 2011-15

Kvam Venstre vil arbeida for

- etablering av nye, varige arbeidsplassar i heile kommunen med særskilt fokus på indre og ytre delar av Kvam.
- styrking av regionsenteret Norheimsund som eit kraftsenter i Hardanger.
- å fjerna den grovt usosiale eigedomsskatten.
- etablering av distriktsmedisinsk senter i Norheimsund
- fleire varige arbeidsplassar knytt til utbygginga på Kvamskogen.
- bygging av symjebasseng i samband med utbygging av Norheimsund barneskule.
- ei berekraftig utvikling av havbruk med størst mogeleg lokal verdiskaping.
- utvikling av nye arbeidsplassar innan kulturbasert næring
- å utvikla Steinsdalsfossen som turistattraksjon, arbeida for realisering av Hardanger kunstsule og eit nasjonalt Hardingfelesenter i Hardanger.
- realisering av kulturhuset Hardinghuset.
- ei vidare utvikling av Sjusete ski og skiskyttaranlegg og ny trase frå Sjusete til Kvamskogen.
- at Kvam får ein lokal klimahandlingsplan.
- realisering av Hardangertunellen, Ulrikstunell og Gullfjellstunell.
- opprusting av FV7 som alternativ og avlastning for E-16 Voss Trengereid, med tunell Øystese Fyksesund og tunell bak Ålvik sentrum.
- Arbeida for revisjon av Kvammapakken med tunell mot Fyksesund
- Arbeida for Hardangertunellen og tunell bak Norheimsund som del av hovudtrase Tørvikbygd – Bergen.
- å leggja til rette for tomter i alle deler av kommunen og særleg nær sentra.
- rimelege ungdomsbustader sentralt plassert.
- eit tett samarbeid med Bergen for å marknadsføra Kvam som bukommune.
- full barnehagedekking ved å etablere nye plassar der borna bur.
- at pleie og omsorg opprettheld gode tenester
- stimulering av frivillig samfunnsnyttig innsats i alle bygdelag
- at frivillige organisasjonar framleis skal nytta kommunale anlegg gratis
- å tilpassa kommunale tenester til innbyggjarane sine behov

Nedanfor kan du lesa meir utfyllande om dei enkelte punkta

Miljøpolitikk

Klimautfordringar

Nyare forskning syner at om lag 15% av norske klimagassutslepp kan kuttast gjennom lokale tiltak. Venstre vil arbeida for at den lokale klimaplanen for Kvam vert ambisjøs og konkret for å få reduksjon av utslepp av klimagassar, og at planen har energisparetiltak.

Samferdsel

Trafikksikring

Venstre vil arbeida for at tiltaka i den lokale trafikksikringsplanen vert gjennomførte. Planen inneheld m.a. gang- og sykkelstiar.

Vegbygging

Hardangertunell, Gullfjellstunell og Ulrikstunell

Kvam Venstre meiner at Hardangertunellen vil stimulera både til næringsetablering og tilflytting til Kvam. Mange kvemningar kan då bu i Kvam og søkja seg jobb i den store arbeidsmarknaden i og rundt Bergen. På den andre sida vil Kvam verta meir attraktiv for lokalisering av verksemdar som søker ein sentral stad utafor Bergen. Venstre trur Hardangertunellen, Jondalstunell saman med opprusta ferjesamband Tørvikbygd – Jondal, Gullfjellstunell og Ulrikstunell vil auka trafikkgrunnlaget gjennom Kvam. Trafikkauke og miljøomsyn er dei tyngste argumenta i kampen om riksvegmidlar. Venstre meiner det må etablerast samarbeid først og fremst med kommunane Bergen, Samnanger, Jondal og Odda for å knyta heile regionen tettare til Bergen og for å knyta Bergen tettare til vegtraséen (jfr. Norsk Plan) E 134 over Haukelifjell.

Vidare vil Kvam arbeida med å få 1) oppgradert FV 7 som parallell stamvegtrase til E 16 frå Voss til Trengereid som er sprengd, 2) planlagde rassikringsmidlar og 3) friske riksvegmidlar i kombinasjon med bompengefinansiering som kan gje flat veg frå Granvin til Bergen.

Kvam Venstre vil arbeida aktivt for å etablere eit samarbeid med nemnde kommunar for realisering av slike prosjektet. Dette er ikkje viktig berre for Kvam, men for heile Vestlandet. Venstre ser ikkje bort frå å bruka bompengar som verktøy for å realisera prosjekta.

Venstre må arbeida for å korta ned internttransporten i Kvam med 5 kilometer, med tunell frå Øystese til Fykkesund. Det vil gagna alle køyrande langs den vegen, føra til auka trafikk på FV7 i vårt område, og pressa fram vegvøla langs fjorden vidare innover.

Høg fartstog

Venstre vil arbeida aktivt for å få gjennomført høg fartstog frå Bergen til Oslo med stoppestad i Kvam. Eit slikt tilbod fører Kvam mykje nærare omverda og gjer bygdene i Kvam til attraktive buplassar også for personar med arbeidsplassen sin utanfor Kvam.

Barnehagar

Venstre vil arbeida for framleis full barnehagedekking i Kvam. Utbygging må skje slik at den høver til framtidige barnetal i lokalmiljøa.

Overordna målsetting for Venstre er at nye barnehagar vert plassert så nær borna sitt oppvekstmiljø som mogleg. Venstre meiner at opphald i barnehage nærast mogleg heimen og der borna elles agerer, gjer borna tryggare på omgjevnadene, og dermed får dei også raskare heilskapleg forståing for nærmiljøet sitt. Målsettinga legg også til rette for mindre transport for foreldra. Dette gjer kvardagen lettare for dobbeltarbeidande foreldre, samstundes som miljøet vert skåna for unødig trafikk. Unntak frå målsettinga må gjerast der det er pedagogisk og økonomisk uforsvarleg å oppretthalda eigne barnehagar.

Det er viktig at borna går i barnehage med nokon dei skal byrja på skule med, slik at den overgangen vert så smidig som mogeleg.

Venstre vil leggja til rette for etablering av private barnehagar der dette gjev tenlege løysingar. Ettersom private barnehagar langt på veg er underlagt same regel- og avtaleverk som offentlege barnehagar, finn Venstre ikkje grunn til å utelukka etablering på grunnlag av privat eigarskap.

Skule

Skulane skal utviklast til trygge, moderne lærestader innan slike økonomiske rammer at det er midlar til eit innhald som er i tråd med gjeldande og framtidige krav.

Overføring av elevar i grendaskular til større skular må vurderast nøye når det gjeld tidspunkt, klassetrinn og behov for skuleskyss.

Innhald

Venstre meiner at den gode skulen er kjenneteikna av motiverte, engasjerte og tilstrekkeleg tal lærarar. Venstre trur at færre elevar pr. lærar er beste måten å få motiverte og engasjerte lærarar som bryr seg om borna dei underviser og som har tid til å sjå den einskilde elev sine ynskje og behov. Venstre vil derfor arbeida for å nå måla om lærartettleik i vedteken Strategisk plan for skule. Det gode som er utvikla opp gjennom åra må takast vare på. Venstre meiner klasserommet framleis er ein godt eigna læringsarena i basisfag. I tillegg bør skulen ha tilgang på mindre grupperom. Venstre trur at undervisning i storgrupper som hovudregel ikkje eignar seg i barne- og ungdomsskulen.

Venstre vil arbeida for at samarbeidet mellom heim og skule må utviklast vidare. Foreldra er ulike og alle har krav på respekt i møte med skulen. Når ei samla foreldregruppe uttalar seg, må synspunkta deira verta lytta til, og tilbodet tilpassa foreldra sine ynskje.

Skyss

Mange elevar ved Vikøy/Aksnes skule bur nærare enn 4 km og har då i utgangspunktet ikkje krav på skyss. Venstre krev at elevar ved Vikøy/Aksnes skule får gratis skuleskyss til vegen er utbetra med gang- og sykkelveg.

Bustadpolitikk

Venstre vil ta initiativ til å etablera byggjefelt i alle deler av kommunen. Prioritering av felt bør skje slik at område med størst press kjem fyrst.

Venstre vil arbeida for å få private investorar til å byggja ut rimelege husvære for personar i etableringsfasen, sentrumsnært i Kvam. Venstre har tru på at dette vil medverka til folketalsauke og vekst i heradet. Nye bustadeiningar tilpassa behovet bør vera etablert i Norheimsund/ Øystese i løpet av perioden. Dersom ikkje private investorar tek på seg oppgåva, skal heradet planleggja eit slikt prosjekt i løpet av perioden.

Venstre vil at det skal byggjast ut 20 husvære for ungdom med pris 1,2 millionar kroner sentralt i heradet innan 2015

Skytebanesaka må løysast slik at bustadområdet i Tolomarka kan takast i bruk.

Bergen slit med å finna nye areal for bustader. Venstre vil derfor etablera kontakt med Bergen kommune for å samarbeida om felles mål og for å marknadsføra Kvam som bukommune.

Næring og kultur – grunnlaget for vekst

Venstre vil gjera rammevilkåra for eksisterande næringar endå betre, slik at ei allsidig næringsutvikling vert ivareteken.

Utfordringane i Ålvik

Venstre vil gjera det som er mogleg med dei verkemidla ein rår over for at Ålviksamfunnet også i framtida vert eit levande lokalsamfunn med trygge og framtidsretta arbeidsplassar. Venstre vil arbeida for at grunnlaget lagt gjennom Ålvik vekst AS vert ført vidare slik at dei prosjekta som har livets rett, vert starta opp i Ålvik.

Utfordringane for Fjellstrand

Ei lang historie innan verftsindustri står framfor store utfordringar. Når ei slik alvorleg endring rammar eit lokalsamfunn, må resten av kvammasamfunnet stilla opp, støtta, og leggja forholda til rette slik at ny berekraftig verdiskaping kjem i staden for det tapte. Dette er først og fremst viktig for å sikra arbeidsplassar og oppretthalda busetjing i nærmiljøet til bedrifta, men det er óg viktig for heile Kvam, då dette er ei nøkkelbedrift for kvammasamfunnet.

Næringsareal

Venstre vil arbeida for at industriområdet på Sæland i Norheimsund vert utvida. Venstre meiner at dette er det beste området for næringsareal i Kvam. Området kan få nasjonale selskap til å etablera seg i Kvam. Føresetnaden for dette er at areala ligg attraktivt til med kort avstand til riksvegen.

Jordbruk

Kvam har eit allsidig jordbruk og mange iderike gardbrukarar som har etablert tilleggsnæringar. Venstre vil leggja til rette for tradisjonelt jordbruk og samstundes stimulera etablering av tilleggsnæringar som kan sikra inntektsgrunnlag og busetjing på gardsbruka i Kvam.

LNF-områda må vurderast med tanke på eit skilje mellom jordbruksføremål og område som ikkje er gode nok til dette føremålet.

Akvakultur er ei næring med stor betydning for Kvam. Venstre er opptekne av trygge og føreseielege rammevilkår for havbruksnæringa. Venstre ynskjer å arbeida for utvikling av ei berekraftig havbruksnæring med størst mogeleg del av verdiskapingskjeda lokalt. Venstre ser med velvilje på verksemder som vil driva innovasjon for å gjera denne næringa mest mogeleg berekraftig.

Turisme

Eit viktig kjenneteikn ved dagens samfunn er at me nyttar ein aukande del av tida vår og ressursane våre på opplevingar. Det å kunna tilby gode opplevingar er derfor ein stadig viktigare konkurransefaktor for både bedrifter og lokalsamfunn.

Kvam har eit rikt kulturliv og mykje vakker Hardangernatur. Venstre meiner dette er viktige fortrinn for Kvam. Venstre vil derfor leggja til rette for utvikling av kulturbaserte næringar og næringar som byggjer på den unike naturen vår. Dette gjeld mellom anna turisme, reiseliv og tilrettelagde næringar innan ”opplevingar” av ulike slag.

Næringslivet og det offentlege i Kvam skal nytta merkjevara ”Hardanger”.

Steinsdalsfossen er ein av Noregs mest vitja turistattraksjonar. Venstre trur det ligg eit stort potensiale i å utvikla denne attraksjonen betre. Steinsdalsfossen er ein unik stoppestad der ein kan få informert turistane om andre tilbod i Kvam. Venstre meiner området ved Steinsdalsfossen må verta ein sentral for all turistformidling i Kvam. Ingen andre stader når ein fleire ”turistkundar”, noko som må utnyttast maksimalt til gode for alle i turistnæringa. Prosjektet må involvera Statens vegvesen (turistvegprosjekt), Kvam herad, bransjen, Reisemål Hardanger, anna næringsliv og lokalmiljøet.

Cruisekai i Norheimsund for turistskip vil vera eit prosjekt med stort potensiale for heile Kvam. Prosjektet vil ha ringverknader langt utover dei passasjerane som går i land. Gjennom målretta informasjonsarbeid, dagsutflukter m.v., gjev dette unike høve for alle aktørane i reiselivsbransjen i Kvam. Venstre ynskjer eit slikt prosjekt velkome og vil vera positiv i ein realiseringsfase.

Kultur

Frivillig innsats og samfunnsengasjement

Venstre vil arbeida for at frivillige lag og organisasjonar innan idrett og kultur skal stimulerast i form av betre rammevilkår og velvilje frå heradet. Venstre vurderer frivillig innsats i vid forstand som ein av dei viktigaste grunnsteinane i eit velfungerande samfunn. I eit moderne samfunn er det knapt noko som betre skaper møteplassar på tvers av generasjonane enn frivillig innsats. Derfor vil Venstre stimulera til frivillig innsats og dugnadskultur i alle bygdelag i Kvam.

Venstre vil ha engasjerte innbyggjarar som deltek i samfunnsbygginga til beste for oss alle. Venstre vil over frå "EG – MEG"- tenking til "ME – OSS"- tenking.

Kvam Venstre vil arbeida for at dei kristne grunnverdiane framleis skal vera berande i samfunnet, og vil gje gode tilhøve for eit fargerikt fellesskap der kvar og ein får halda på sin identitet og religion.

Senterstruktur

Kvam er ein bygdekommune med middels store og små sentra. Alle sentra bør utviklast til moderne møtestader for folket som bur der. Venstre meiner at fylkestinget sin Fylkesdelplan for senterstruktur er eit godt reiskap i utviklinga av tettstader i Kvam og at denne skal vera førande for det vidare arbeidet.

Norheimsund skal utviklast vidare som kommune- og regionsenter. Venstre trur det er eit stort potensiale i å utvikla Norheimsund slik at Kvam kan gje eit urbant tilbod på bygda. Tilboda her skal vera breitt samansette og tilby det meste som moderne menneske ventar av eit urbant tilvere. Eit viktig element i ei slik satsing er å få realisert vedtaket om regionalt kulturhus. Kulturhuset er viktig for heile Kvam og vil vera ein viktig møteplass og trivselsfaktor. Målsettinga må vera at det samla tilbodet ligg innanfor ein liten radius og innan gangavstand.

Øystese skal utviklast vidare som lokalsenter med eit breidt tilbod innanfor barnehage, skule, servicetilbod, bibliotek, idrettsaktivitetar, kulturtilbod m.m. Målsettinga må vera at det samla tilbodet ligg innanfor ein liten radius og innan gangavstand.

Strandebarm skal utviklast vidare som lokalsenter med eit godt utbygd tilbod innan barnehage, skule, omsorgstenester, kultur- og idrettsstilbod.

Ålvik skal utviklast vidare som lokalsenter med eit godt tilbod innan barnehage, skule, omsorgstenester og kulturtilbod.

Tørvikbygd skal utviklast vidare som lokalsenter med eit godt tilbod innan barnehage, skule (barnetrinn), omsorgstenester m.m.

Økonomi

Kvam Venstre ynskjer å føra ein ansvarleg økonomisk politikk der ein gjennom sunn økonomisk drift skaffar heradet økonomisk handlefridom.

Venstre vil arbeida for å redusera den renteberande gjelda til heradet. Venstre ynskjer å driva heradet godt økonomisk og nytta ekstra midlar som fylgje av auka inntekter, til å utvikla heradet og leggja til rette for auka vekst i busetnad og næring. Samstundes må ein tilpassa driftsnivået i heradet til inntektene slik at eigedomsskatten kan avskaffast. Ekstraordinære inntekter kan nyttast til å løysa særskilte utviklingstiltak og utfordringar.

Venstre ynskjer å prioritera dei svakaste i samfunnet vårt i samband med utarbeiding av budsjetta dei komande åra. Venstre skal vera det fremste ombodet for dei aller svakaste i Kvam.

Kvam Herad skal vera i fremste linje for å prøva å knyta til seg nye næringar basert på naturressursar, bioenergi og alternative energikjelder.

Kvam Venstre vil støtta berekraftig utbygging av småkraft og mikrokraft i heradet.

Omsorgstenester

Venstre meiner at nok og kvalifisert personale i pleie- og omsorg er den viktigaste faktoren for å gje brukarane god kvalitet på tenestene.

Distriktsmedisinsk senter

Ved gjennomføring av samhandlingsreforma vil Kvam Venstre arbeida aktivt for å utvikla eit mest mogeleg robust og vekstkraftig Distriktsmedisinsk senter på Toloheimen. Dette er eit særskilt viktig tiltak for å tilby best mogeleg kompetanse til dei som vert utskrivne frå sjukehus. Senteret vil bidra til at det vert lettare å rekruttera helsepersonell til Kvam.

Kriminalitet - førebygging

Dei siste åra har dessverre alvorleg samfunnsskadeleg kriminalitet fått grobotn i våre elles så fredelege bygdelag. Denne utviklinga må stoppast. Aukande valdskriminalitet er ofte omtala i lokalmedia. Venstre vil ta initiativ til eit langsiktig førebyggjande arbeid for å få bukt med denne utviklinga. I samarbeid mellom politi, skular, foreldre, skjenkestader, kommune og innbyggjarar elles må ein både setja i verk strakstiltak og finna langsiktige løysingar.

Administrasjonen

Venstre vil vera ein garantist for at administrasjonen praktiserer ei open linje i forvaltinga. I eit demokrati er det avgjerande for alle aktørane at informasjon som ikkje i lov er unnateke det offentlege, er lett tilgjengeleg.
